

Møtereferat etter møte styringsgruppa 29.8 2017

Til stades: Oddvar Grøthe, Odd Holde, Kjell Erik Skolt, Janne Brøndbo, (delar av møtet) Gunn Berit Nergård, Borghild Moen, Morten Lien og Odd Magne Anderdal.

Viktig å no fullføre arbeid i høve arealbehov i eit langsiktig perspektiv innan skule/barnehage og helse og omsorg, samt få dette innarbeidd i påbyrja reguleringsplanarbeid Trøim aust.

Behov, plasseringsval mm Helse og omsorg vert ei viktig arbeidsoppgåve i dei neste møta. Eldrebo- skal det vera eit offentleg ansvar? Skal ein auke talet på sjukeheimplassar eller etablere omsorgsbustadar med heildøgnsomsorg, er og nokre av avklaringane som må gjerast.

Vidare arbeid, framdriftsplan, prosjektorganisering mm av skulesentraliseringsvedtak, og komande vedtak innan helse og omsorg vert og ei sentral arbeidsoppgåve på dei neste møta.

Det må også gjerast avklaringar rundt vidare arbeid og mandatet til styringsgruppa.

Det må etablerast ein politisk sak til kommunestyret i November med fylgjande hovudtema:

- Framtidig behov og plassering av helsetenestene.
- Veggen vidare – Framdriftsplan – Prosjektorganisering.
- Mandatet vidare til styringsgruppa
- Totaløkonomien rundt alle behov innan skule og helse.

Arbeidsoppgåver til neste møte:

- *Få oversikt over alle behov innan helse og omsorg - langsiktig perspektiv.*
- *Vurdere prosjektplan/framdriftsplan i dokumentet «Prosjektplan- Utbygging sentralskule og barnehage, Helse og omsorgstenester 2017-2021»*
- *Få oversikt over komande års elev og barnehagetal i skule og barnehage.*

Møteplan fram til November:

13.9 kl 14-16:00 Møterom Skogshorn

2.10 kl 14-16:00 Møterom Skogshorn

12.10 kl 14-16:00 Møterom Skogshorn

17.10 kl 14-16:00 Møterom Skogshorn

Odd Magne Anderdal

Referent